

Høyringsuttale frå NORLA til "Gjennomgang av Norsk Kulturråd"

NORLA er ei sjølvstendig, statsstøtta stifting med eit bransjesamansett styre. NORLA har som sitt klare formål å vise vegen for norsk litteratur til utlandet. Vi har stor fagkunnskap om norsk litteratur, stort internasjonalt nettverk og kunnskap om bokbransjen nasjonalt og internasjonalt og eit verdsomspennande samarbeid med omsetjarar av norsk litteratur til andre språk. NORLAs drift er finansiert over statsbudsjettet via Kulturdepartementet, og nyttar ei lang rekke av verkemiddel i arbeidet med å få norsk litteratur ut i verda; omsetjingsstøtte, tilskot til produksjon, ekspertreiser til Norge, reisestipend til Norge for omsetjarar, støtte til forfattarar som deltek på lansering i utlandet, litterære festivalar og andre evenement, forelesarar og universitetstilsette som besøker universitet med norskundervisning i utlandet. I tillegg promoterer NORLA norsk litteratur på bokmesser verda over og arrangerer eigne seminar og konferansar for omsetjarar og forleggarar i utlandet. NORLA gir informasjon og rådgiving om norsk litteratur. NORLA er eit forvaltningsorgan for UD's reisestøtte, gir råd i litteraturspørsmål og har eit utstrakt samarbeid med utanriksstasjonane. I mange samanhengar er NORLA eit viktig bindeledd mellom styresmaktene og bokbransjen når det gjeld litteratur i internasjonalt perspektiv.

NORLA har kommentarar til rapportens gjennomgang av *Kulturrådets oppgåver på det internasjonale området*, som er ein del av fagadministrasjonens direktoratoppgåver for Kulturdepartementet.

Det er lang og god tradisjon for ei deling av ansvar for kultur mellom UD og KUD, i høve til nasjonalt og internasjonalt fokus, og rapporten støttar at dette har fungert godt og at det ikkje er særskilte grunnar til å endre på det. Men rapporten slår likevel fast at kultur i dag blir skapt i nær kontakt med ein internasjonal arena, slik at felta glir meir saman, og at kulturrådet dermed har større behov for kunnskap om internasjonale forhold.

Det er riktig at den internasjonale marknaden er nærmare den norske utøvaren og forfattaren i dag enn tidlegare. NORLA meiner likevel at det er hensiktsmessig med ei arbeidsdeling mellom aktørar og institusjonar som arbeider og formidlar mot ein nasjonal og ein internasjonal marknad. Målgruppene for det vi gjer er ulike - og den kompetansen som krevst. Rapporten snakkar om "internasjonalt samarbeid". NORLA vil understreke at for at norsk litteratur skal hevde seg best mogleg på internasjonale arenaer, er stor kjennskap til viktige litterære miljø i utlandet, omsetjarar, internasjonal bokbransje og marknader i utlandet avgjerande.

Trekantsamarbeidet mellom Utanriksdepartementet, forvaltarorganisasjonane (NORLA etc) og utanrikstasjonar, der også Kulturdepartementet og Kulturrådet har ei rolle, ser vi som ein svært effektiv og god modell for å bringe norsk litteratur og kultur ut i verda og vi er glad for at rapporten formidlar at forvaltarorganisasjonane i dette kretsløpet driv godt og fleksibelt og med stort nettverk og kompetanse.

Forvaltning av ordningar – nasjonalt og internasjonalt

UD's reisestøtte til forfattarar og andre blir forvalta av organisasjonane. Kulturrådet har forvaltninga av støtteordningar gjennom Norsk kulturfond. Rapporten spør om det er

byråkratisk å dele opp ansvaret for forvaltning av støtteordningar på denne måten, ved at det som rapporten seier” blir utviklet parallell forvaltningskompetanse i kulturådet og de syv organsasjonane som forvalter reisestøtte.” Vi vi svare eit klart nei på dette spørsmålet. Dagens organisering er basert på ei svært fornuftig og hensiktsmessig deling. Alle ordningane krev fagkunnskap om norsk forfattarskap og norsk litteratur, men mottakarane ein rettast seg mot er ulike på den nasjonale og den internasjonale arenaen. Å tildele reisestøtte til norske forfattarar på ein måte som gir både gode kulturelle og økonomiske resultat handlar i stor grad om å kjenne aktørar, bransje og marknader ute. Å gi støtte til dei evenementa som gir mest igjen, som fører til at forfattaran verkeleg møter eit stort og viktig publikum, at dei omsette bøkene når ut, betyr også mykje for næringsverksemd til forfattar og bransje i Norge. Det krevst derfor stor internasjonal bransjekunnskap for å gjere gode val; for å sikre gode kulturelle og økonomiske ringverknader. NORLA har denne kompetansen - som dei andre kunstorganisasjonane har på *sine* kulturelle felt. Det er derfor mest effektivt, ubyråkratisk og resultatorientert å dele forvaltninga av dei nasjonalt og internasjonalt retta støtteordningane som i dag. Modellen er god og vi meiner den bør først vidare, som også rapporten legg opp til.

Overordna perspektiv på internasjonalt aktivitet

Rapporten konkluderer med at kulturrådets verkemiddel til fremme av internasjonal aktivitet er avgrensa og at mandatet bør utvidast. Det er interessante signal for norsk litteratur i utlandet om desse blir utvida. NORLA ser positivt på enda større vekt på det internasjonale for norsk litteratur, og ser fram til den vidare dialogen om dette. Kulturådet forvaltar i dag dei kulturelle utvekslingsprogramma som EUs kultur- og medieprogram, og vi ser gjerne ei vidareføring av dette. Det er viktig at evt nye verkemiddel kjem i god dynamikk med dei vi alt nyttar, og at organiseringa blir effektiv og resultatorientert. NORLA står i ei særstilling på litteraturfeltet med omsyn til sitt tydelege mandat om å bringe norsk litteratur ut i verda. NORLA har stor kompetanse og nettverk på feltet litteratureksport, og ser det som naturleg og nødvendig at NORLA blir nytta som forvaltarorgan også av Kulturådet/KUD der det er aktuelt, for best mogleg målretta fokus internasjonalt.

Rapporten konkluderer med at det bør ”tydeliggjøres at Kulturådet, inkludert Norsk kulturfond har ansvar for å se helhetlig på behovene i kunstfeltet, uavhengig av nasjonale skillelinjer”. NORLA er samd i dette. På eit overordna, langsiktig og strategisk nivå er det viktig at institusjonar som har ansvar for kultur, ser norsk kultur både i nasjonalt og internasjonalt perspektiv. Ved store og langsiktige satsingar som krev overordna strategiske grep må vi tenkje heilskapleg og ha ein god dialog om måla og verkemidla for å nå dei.

Margit Walsø, 31.august 2014
Direktør NORLA